

Ansiennitetsberekning

Huskereglar (ansiennitetsreglane er regulera i HTA § 12)

- Ved ny tilsetjing skal ansiennitetsskjema leggjast ved arbeidsavtala, då ansienniteten direkte kan påverke årsløna til den tilsette, viss minstelønsgarantien slår til.
- Medarbeidaren er sjølv ansvarleg for og leggje fram dokumentasjon for tidlegare arbeidspraxis, og det er berre det som er dokumentert og vedlagt som kan takas med i ansiennitetsberekninga. Arbeid hos privatpersonar, for eksempel dagmamma, må dokumenterast med likningsattest.
- Ansiennitet skal bereknast frå det tidspunkt tilfredsstillande dokumentasjon er framlagt. Dokumentasjon som blir levert på eit seinare tidspunkt, vert hensyntatt frå det tidspunkt nytt ansiennitetsskjema med ny dokumentasjon blir innlevert.
- Lønsansienniteten skal reknast frå tidligast fylte 18 år.
- Ansiennitetsdatoen skal settast til den 1. i månaden.
- Ansiennitet skal reknast i heile månadar (delar av månadar må strykast)
- Verneplikt skal reknast med i lønsansienniteten.
- Ved omgjering av stilling som fylgje av utdanning og/eller endra arbeidsoppgåver beheld medarbeidaren tidligare fastsett lønsansiennitet.
- Fråvær utan løn i samband med fødsel og adopsjon vert medrekna med inntil 2 år i lønsansienniteten.

Der er ulike ansiennitetsreglar for ufaglærte, faglærte og høgare utdanna medarbeidarar.

1. Ufaglærte.

Ved tilsetjing i stillingskode med den sentralt fastsette minsteløn for ufaglærte, skal all tidlegare privat og offentleg teneste godskrivas i lønnsansienniteten.

Som privat teneste skal også arbeid i heimen reknast med inntil 6 år (husmoransiennitet).

2. Faglærte og høgare utdanna.

Ved tilsetjing i stillingar som har høgare minstelønsalternativ enn gruppe 1 ufaglærte, skal offentleg teneste godskrivas fullt ut.

I tillegg skal lønsansiennitet for tidlegare privat teneste som er relevant for stillinga godskrivas.

Omsorgsteneste kan godskrivas med inntil 3 år. Med omsorgsteneste meiner ein omsorg for barn eller pleie av eldre eller sjuke.

Fagarbeidarar med avlagt fagprøve får verdiskapnings- / praksisdelen av læretida medrekna i lønsansienniteten. Dokumentera ved kopi av lærlingkontrakt.

Viktig:

- For same tidsrom vert det ikkje gitt lønsansiennitet etter fleire bestemningar, arbeidsforhold o.l.
- Det vert berre gitt lønsansiennitet når arbeidsforholdet er dokumentera.